

Rind - Aamot (gnr. 9)

Rind: Namn som sikkert kjem av elvenamnet R i n.
Aamot: Namn som tyder møttestad for to åer, her møttestaden for Rinna og Åmotbekken, som i flomtida kan vera som ei lita å.

Det er i Akershus lensrekneskap av 1615 vi først finn Jordbruket Rind i Fåberg omhandla. Det er da fortalt at "Gunner Rønne hadde Slotter paa Rind av skyld ½ hud".

Først i 1665 finn ein endeleg tydeleg fortalt at "Rinden" var bygt og busett. Brukaren der heitte da Peder Michelsen og var 40 år. Den gamle far til brukaren, Michel Knudsen, var 86 år.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Rinden" vidare oppgitt at landskylda av bruket da var sett til 2 skinn/eller 20 merker smør. Som eigar av bruket er oppgitt "Kongen alene", og brukar var framleis Peder Michelsen. Buskapen av store husdyr på garden var da: 1 hest og 8 naut, og korntianda vart utreidd med 3/8 tønne, som altså svara til ei årsavling på 3-4 tønner. Vidare er det fortalt at en g a, innmarka var "Temmelig och Kand forbedris", og at det var skog nok til "gaards Nøtte". Derimot hadde garden enda ingen utslåttar. I "Rulle over Gudbrandsdalens fogderis Soldatlægder 1693" er bruket Rinden enda kalla "en Rødningsplads", og brukaren der i den tid heitte Laurids.

Av ei sak frå 1718 går det tydeleg fram at uttalen av gardnamnet i bygdemålet nok var R i n. Saka er elles etter utskrift av tingboka referert slik:

"Rien" i Faaberg:

13. juni 1715

Soldat Christen Knudsen Rien som bruker en ødegård som kalles "R i n", beklaget sig over at han har en eldgammel og skrøpelig kvinne å forsørge til hennes dødedag. Hun er svak i hovedet og kan ikke erindre noget, men går ganske i barndommen og må stedse ha tilsyn og vakt.

Ovenstående ble bekreftet av almuen og hans naboer Halfvor Houger og Mattis Kolrud avla ed på at det var sandferdig i alle måter".

Christen var framleis brukar på Rin også i 1719. Han hadde da innstemnt grannane sine Arne Rindal og Joen Rindal "fordi deres svin har opædt et mål aker og ruineret hans eng for ham". Domen i saka har elles denne ordlyden:

"Avsagt: Den skade Arne og Joen Rindals svin har gjort på Christen Rindens korn og eng er taksert for 1 rd. 1 ort 12 skl. og svinene har ikke været tilbørlig vøktet som eiermennene var pliktige efter loven. Arne og Joen Rindal bør derfor betalte bemeldte 1.1.12. til Christen Rinden + 1 rd. i omk."

Same året døde elles kona til Christen, og i samband med dødsfallet var det skifte på "Rinden i Faaberg". Av dette skifte går det fram at jordegodset i buet, garden Rinden av skyld 2 skinn med bygsel, da var vorte odelsgoods, og at Christen altså og var vorte eigar av garden.

Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Christen Rinden dei 5 borna i ekteskapet, og dei var: 1. Knud, som da var 10 år., 2. Oluf, 7 år, 3. Siri 6 år, 4. Laurisa, 3 år, 5. Berte, 14

veker. Enkemannen Christen Knudsen gifta seg så oppatt med Marit Hansdr., som dermed tok over som ny husmor på "Rin".

Fleire opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget av 1723. Der er vidare om "Rinden" oppgitt at garden lig i "Baglien for en del", men garden var lettbrukt, og "Jordarten temmelig, dog noget koldlent". Husdyrhaldet på "Rinden" var da: 1 hest, 7 naut, 5 sauer og 4 geiter, og den årlege utsæd av korn var ca. 2 tønner bygg. Endeleg er det og fortalt at det var utslåttar til 1 lass høy, og at høyavlinga i alt utgjorde kring 10 lass. Oppsittar på garden var framleis Christen Knudsen, som altså var både eigar og brukar av Rinden i den tid. – To år seinare fekk i 1725 Christen Rinden "fogdens bevillingsseddel på et stykke engeland kaldet H a u g e n, som han oprydder og når det bliver godt da for rettighed oplegger."

Men i 1740 var husbonden Christen Knudsen død, og det var da atter skifte på "Rinden i Faaberg". Ved dette skiftet vart jordegodset i buet, grd. Rinden da av skyld 1 skind taksert for 32 rd., og arvebuet utgjorde brutto 141 rd. og netto 89 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Marit Hansdr. Dei 4 borna i Christen Knudsen sitt første ekteskap (med avdøde Maren Olufsdtr.), men det går fram at sonen Oluf da måtte vera død, og den yngste dottera er ved dette skiftet kalla Kari.

Om grd. Rinden under neste generasjon er å fortelja at eldste sonen, Knud Christensen f. 1709, var gift to gonger. Først med Sidsel Olsdr., og dei hadde i sitt samliv to born, døtrene Maren og Mari. Men mora Sidsel Rinden døde alt i 1745 berre 23 år gamal. Faren Knud Christensen f. 1709 gifta seg så oppatt med Mari Pedersdr. Smesrud, men dei fekk i sitt samliv visstnok ingen born.

Den 14. septbr. 1751 fekk så Knud Christensen søskenskjøte på grd. Rinden, og dette skjøtet som gir fleire opplysningar om slekta, har etter utskrift av panteprotokollen denne ordlyden:

"Rinden.

Skjøte dat. 14. september 1751 tgl. 4. oktober s.å. Fra Svend Jacobsen Dahlby av Saxumsdalen til Fåberg prestegjeld til svoger Knud Christensen Rinden og hans arvinger på ½ skind i hans brukende odelsgård Rinden, hvilket ½ skind hans hustru Sigri Christensdr. arvelig er tilfalden efter sine foreldre Christen Knudsen med hustru samt avdøde søsken Lars (Lauridis) Christensen og Kari Christensdr. For dette halve skind har Knud Christensen betalt ham 16. rd. og da han selv i gården som bror har arvet 32 rd. samt av sin stedmor Marit Hansdr. for hennes fremfødsel fått ½ skind for 16 rd. så er han nu ene odelseiende gården Rindens skyld 2 skind for 64 rd.

Hvis Knud Christensen skulle bli tilsinds å selge gården Rinden, skal den først tilbydes Svend Jacobsen Dahlbye for 180 rd."

I samband med overtainga av garden lånte så Knud Christensen samtidig 180 rd. av Ole Gilberg mot årlig lovleg rente 4% og 1. pr .pant i grd. Rinden av skyld 2 skinn.

Tinglyst samtidig vart og ein bygseseddel frå husbonden Knud Christensen Rinden til Peder Asbiørnsen med hustru på "en under hans gård til og underliggende husmannsplads Hougen kaldet beliggende i gårdens Hjemenger mot årlig husleie ½ rd. i års Arbeide."

Namnet "Aamodt" på den same garden Rinden finn vi først brukt ved eit skifte på "Rinden i Faaberg" d. 4. juli 1761. Det er der opplyst at "boets eiende grd. Rinden eller Aamodt" da vert

vedsett til 230 rd. ”som i alt for gjeld blev utlagt til kreditorene. ”Erich Evensen, som da overtok garden, gav samtidig føderådsbrev til Mari Pedersdtr. som altså framleis var i live.

Elleve år seinare var det i 1773 elles atter enka Mari Pedersdtr. som hadde heimel på garden. Ho gav da skjøte med lagverge Peder Knudsen Myhre på Biri m.fl. ”til eldste søn Christen Knudsen og arvingar på deres eiende arveparter i Gården Rinden av skyld 2 skind for sum 300 rd. Kjøperen skal svare føderåd til enken Mari Pedersdatter. ”Samtidig lånte så kjøparen Christen Knudsen Rinden tilsm. 300 rd. av Hans Larsen Rindal og Peder Pedersen Hattestad mot ”årlige lovlige renter og pant i sin eiende gård Rinden av skyld 2 skind”.

Av 1776 er elles ei kvittering for arv frå Ole Christensen Rinden til ”sin far og anordnede værge Erich Evensen Rinden” for arv etter ”Moren Marie Olsdtr. Ved skifte av 10. juni 1767 stor 28 rd. 1 ort 11 s. med påløpende renter.”

I år 1799 var det derimot Christen Knudsen Rinden f. 1745 som framleis var eigar og brukar av grd. Rinden ell, Aamodt. Han lånte da tilsm. 300 rd. av Peder Erichsen Dalby og Erich Pedersen Dalby mot renter og 1.pr. pant i Rinden framleis av skyld 2 skinn.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 1 familie på Rinden gard. Det var: 1. Christen Knudsen, husbonden, 54 år, 2. Kjersti Larsdtr., kona hans 48 år, 3. Knud Christensen, sonen deira, 28 år, 4. Mari Christensdtr., dotter, 20 år, 5. Ole Christensen, son, 13 år, 6. Marta Christensdtr., dotter, 11 år, 7. Christen Christensen, s.d. 9 år.

Elleve år seinare skjøta i 1812 faren Christen Knudsen grd. ”Rinden eller Aamodt” over til sonen Knud Christensen, og sonen gav med det same føderådsbrev til faren Christen Knudsen.

Men alt året etter var i 1813 faren Christen Knudsen død, og det var da atter arveskifte på ”Rinden i Lillehammer, Faaberg”. Ved dette skiftet vart arvebuet oppgjort i riksbankdalar og utgjorde utan jordegods brutto 103 rbd. og netto 88 rbd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Kirsti Larsdtr. dei 4 vaksne sønene: Knud, Lars, Ole og Christen Christensøner og dottera Mari, som det er opplyst om at ho da var gift med Amund Larsen Rinden. – Fem år seinare var elles mora Kirsti Larsdtr. og død, og av skiftet i samband med dødsfallet går det fram at dottera Marte Christensdtr. var enda umyndig.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om grd. ”Rinden” oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 1 hest og 10 storfe, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 15 tønner.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Garden ”Rinden” fekk da som si nye matrikkelskyld: 4 skylddalar 2 ort og 18 skilling, og det var da den nye oppsittaren Ole Nielsen som var eigar og brukar av Rinden eller Aamodt.

Ektefolka Knud Christensen og kona hans Guri Nielsdtr. Aamodt levde baa enda i 1824. Dei ordna da med gjensidig testamente, som i 1827 fekk Kongl. Confirmation. Men den 17. juli 1854 gav enka Guri Nielsdtr. med lagverge skjøte til Johan Olsen Rinden med kurator på denne eigedomen for kjøpesum 400 spd. og føderåd av 5-årleg verdi 250 spd. tilsm. 650 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om grd. Rinden fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 218 mål, og av dette var 32 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det vidare oppgitt av husdyrhaldet på Rinden med husmannsplassar da var: 2 hestar, 13 storfe og 29 småfe, og at den årlege utsæd på garden med husmannsplassar var ca. 7 tønner korn og 6 ½ tønne settepoteter.

Tre år seinare gav i 1868 Johan Olsen Rinden skjøte til Mathias Gaustum og Erling Hovengen på grd. Rinden for 1 250 spd. og ein del lausøyre m.m. for 150 spd. Samtidig lånte kjøparane 600 spd. i Norges Hypotekbank. To år seinare gav i 1870 Erling Hovengen skjøte på sin andel i ovannemnte eigedom.

Etter atter 3 år var det i 1873 utskifting av søre Vingerums heimehamn, og i 1875 var det skyldsettingsforretning og heimeskogen Aamotlia og plassen Aamothen tilhørende M. Gustum vart fråskilt garden og skyldlagt for 1 dal. 1 ort 5 skl. Samtidig var det og skyldsettingsforretning, og Djupdalen eller "Stillien Skog" vart fråskilt Rinden eller Aamot og fekk ei skyld av 10 skl. Vidare vart "Sameieskogen" samtidig fråskilt og skyldlagt for 7 skl.

Same året, altså i 1875 selde og Mathias Gustum ein del av garden Rinden ell. Aamodt av skyld 1 dal. 3 ort 10 skl. til Nils Strætlien for kjøpesum 1100 spd. og 400 spd. for lausøyre.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Ved denne matrikuleringa fekk "Rinden" som sitt nye gardsnummer nr. 9 med samla skyld 5,16 mark, og det var alt da 5 bruksnummer under gardnummer 9 Rinden. Dei fem bruksnummer var: a. Gnr.9 brn. 1 Aamot av skyld 2,85 mark med Nils Brattlien som eigar ell. brukar, b. brn. 2 Aamotlien og Aamothen, skyld 1,88 mark, eigar ell. brukar Mathias Gustum, c. brn. 3 Djupdalen ell. Stillien (Skog), skyld 0,14 mark, eigar ell. brukar M. Gustum, d. brn. 4. Sameieskogen av skyld 0,10 mark, eigar ell. brukar Nils Arnesen, e. brn. 5. Aamothen, skyld 0,19 mark, som Nils Aamothen var eigar og brukar av.

Nils Brattlien hadde så grn. 9 brn. 1 Aamot til i 1890, da han skjøta garden over til dottera Andrea Aamodt for kjøpesum kr. 3 000,- + eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 500,-.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at Andrea Nilstr. altså hadde overtatt grn. 9 brn. 1 Aamot, grn. 9 brn. 2 og 4 var overtatt av Gustumskogenes Interessentskab, og grn. 9 brn. 3 Djupdalen ell, Stillien skog var selt til Torger Kristensen Nersveen.

Som eit streif av nyare tid tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det etter dette 6 personar med røysterett på og/eller ved Aamot. Dei var: 1. rentenist Andrea Nilsdatter Aamot, 47 år, 2. føderådamann Nils Olsen Aamothen, 91 år, 3. gardbr. Johan Pedersen Aamothen, 70 år, 4. husmor Birgitte Nilstr. Aamothen, 59 år, 5. arbeidar Nidolf Antonisen Landgraff, Strandum, 41 år, 6. husmor Matea Larsdr. Landgraff, Strandum, 51 år.

Av handlar i seinare tid med grd. Rinden og/eller parsellar av garden tek vi elles med at visstnok i 1911 kjøpte så Tidolf H. Brusveen grn. 9 brn. 5 Stenseth av skyld 0,01 mark, og brn. 7 Aamot nordre av skyld 1,25 mark vart i 1912 selt til Johan Aamot. Så å seia samtidig kjøpte Amund O. Haugerengen grn. 9 brn. 8 Strandum av skyld 0,55 mark. Vidare vart i 1921

grn. 9 brn. 9 Brusveen skog av skyld 0,10 mark seld til Anton Brusveen, og brn. 10 Kolrud Skog av skyld 0,18 mark til Asbjørn Bostrup.

Ved jordbrukarregistreringa av 1939 var det da under grn. 9 Rinden 4 bruksnummer med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 9 mål (da). Dei var: a. Grn. 9 brn. 1 Åmot søre med eit jordbruksareal på ca. 27 mål, som Olaf Åmot var brukar og eigar av, b. grn. 9 brn. 5 Åmothaugen, jordbr.areal ca. 15 mål, eigar og brukar: Albert Rugsveen, c. grn. 9 brn. 7 Aamot Nordre, jordbr.areal ca. 45 mål, eigar og brukar: Bernhard Aamot, d. grn. 9 brn. 8 Strandum, jordbr.areal ca. 10 mål, med Fåberg kommune som eigar og Amund C. Strandum som brukar.